

Ønsker du å kjøpe bilde?

Har du sett eit bilde i Firdaposten som du ønsker ein kopi av?

Send e-post til foto@firdaposten.no eller ring oss på tlf. 57 75 73 00.

Bilda vert trykte på glansa fotopapir i A4-storleik. Pris kr 100,- pr. stk.

Namnedagar

I dag har **Sigmund** og **Sigrun** namnedag. I morgon **Børre** og **Børge**. Det norrøne Sigmundr er sett saman av Sig som kjem av *sigr* (siger) og *mundr* (verne). Sigrun har same forklaring, men run står for loyndom - altså hemmeleg siger. *Mundr* kan også bety brudegåve, medgift. Både Børre og Børge er avleidd av Birger og er former av norrønt *Byrgir*, sideform av *Birgir*. Birgir er av gammalsvensk *Birgher*, "ein som hjelper".

Stor sum til aktivitetssjungle på Sørstrand

FLORØ: – Med dette kjem vi langt av gårde, sa Sigmund Frøyen då han måndag tok imot gåva på 250 000 kroner frå Sparebankstiftinga DNB NOR til Sørstrand Folkepark.

OLAV HATLEMARCK
olav@firdaposten.no

Pengane skal gå til ein aktivitetssjungle i det nye parkområdet på Sørstrand like ved flyplassen.

Hinderløype

Her vil dei sette opp ei hinderløype med ulike vanskegrad til fri bruk. Løypa er i utgangspunktet meint for barn mellom seks og 13 år. Med gåva er styret halvvegs med å finansiere heile løypa

– Det kan vere at vi legg oss på ei litt mindre utbygging, eller at vi byggjer i fleire steg. Vi satsar no på å få andre med oss, som 4H speidar og andre. Også bar-

nehagar vert inviterte med, seier Sigmund Frøyen. Han er nestleiar i styret for Sørstrand Folkepark, men den som har jobba med å søke etter pengar. Hittil har styret jobba mest med å realisere badestranda med, og sikre godkjende planar for området. DNB-gåva vil vere med på å utvide aktivitetstilbodet.

– Vi håpar å få fleire med oss som får eit eigarskap til prosjektet vårt, seier leiar for styret, Jan Henrik Nygård, som også er varaordførar i Flora kommune. Gåva kan og vere ned på å utløse spelepengar. Slike prosjekt krev normalt ein bra eigendel.

Midt i blinken

– Foremålet vårt er å utløse gode krefter. Dette er midt i blinken, seier Margunn Horstad i DnB NOR. Ho hadde med seg Kaare Nøstdal frå avdelinga i Førde og Robin Kjær frå avdelinga til DNB i Florø. Stiftinga delte ut pengar til fire gode saker her i fylket.




NY SØRSTRANDGÅVE: Fremst Margunn Horstad, frå DNB NOR og Sigmund Frøyen for Sørstrand Folkepark med gåva på 250 000 kroner til aktivitetssjungle på Sørstrand. Frå venstre leiar for styret til folkeparken, Jan Henrik Nygård, bak står Robin Kjær, DNB og Odd Kaare Nøstdal, DNB

Samla pott for heile landet var i fjor 100 millionar kroner fordelt på over 160 pro-

sjekt. Stiftinga støtter prosjekt som skaper engasjement, involverer frivillige

og gir gode bidrag til barn og unge.





FLORA SAMFUNNSHUS KINO



ARRIETTAs HEMMELIGE VERDEN
En film fra skaperne av CHIHIRO OG HEKSENE og MIN NABO TOTORO
Laurdag

Jap. 1 t 34 min. 7 år
Norsk tale
Onsdag 11.1. kl. 18.00
Laurdag 14.1. kl. 16.00



DRIVE
RYAN GOSLING
www.sf-film.no

Am. 1 t 40 min. 15 år
Onsdag 11.1. kl. 20.00
Fredag 13.1. kl. 20.15

Billettinfo:
Tlf. 57 75 60 00 / 60 52
Kjøp billetter på nett og skriv dei ut heime! Sjå www.florasamfunnshus.no